



Austevoll kommune

Kunnskapsdepartementet

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
17.04.2015	Wenche Gloppen	15/502 - 3	

Melding om vedtak

Høyring. Forslag til regulering av gratis kjernetid til 4- og 5-åringar i familiar med lav inntekt

Formannskapet handsama ovannemnde sak i møte den 13.04.2015, sak 029/15.

Det vart gjort følgjande vedtak:

Austevoll kommune meiner at den etablerte ordninga med reduksjon eller fritak for dei med dårleg betalingssevne fungerer godt nok. Austevoll kommune stiller seg difor negativ til høringsforslaget.

Spørsmål til saka kan rettast til Wenche Gloppen tlf. 55 08 10 00 eller til postmottak@austevoll.kommune.no.

Storebø, 17.04.2015

Med helsing

Renate Møgster Klepsvik
Ordførar

Mottakarar av brevet:

Kunnskapsdepartementet

Saksframlegg

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/15	Formannskapet	PS	13.04.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Wenche Gloppen	FA - A10, FE - 223	15/502

Høyring. Forslag til regulering av gratis kjernetid til 4- og 5-åringar i familiar med lav inntekt

Formannskapet - 029/15

Handsaming:

Forslag frå Ingrid Møgster (Ap)

Austevoll kommune er positiv til prinsipp om gratis kjernetid til 4 og 5 åringar i familiar med lav inntekt.

Austevoll kommune ber om at ein ser på retningslinene for vurdering av familiare sin økonomiske stilling. Målet må vera eit rettferdig system som ikkje krev mykje auka administrasjon.

Framlegg frå H v/Grete D. Ringdal:

Austevoll formannskap vedtek at Austevoll kommune stiller seg positiv til høyringa slik den ligg føre.

Framlegg frå Kai Eliassen (Krf)

Austevoll kommune meiner at den etablerte ordninga med reduksjon eller fritak for dei med dårleg betalingsevne fungerer godt nok. Austevoll kommune stiller seg difor negativ til høringsforslaget.

Ved røysting fekk Ap sitt forslag 1 stemme: Ingrid Møgster (Ap)

Høgre sitt forslag fekk 4 røyser: Grethe D Ringdal, Kurt Frank, (H) Jostein Blænes (Frp) Ingrid Møgster (Ap)

Krf sitt forslag fekk 5 røyser: Kai Eliassen (Krf) Edvard J. Sangeland (Sp) Renate M Klepsvik, Kjetil Østervold og Olav Jarnes (Frp) og vart vedteke.

Høyringa ikkje støtta frå Austevoll kommune

Vedtak:

Austevoll kommune meiner at den etablerte ordninga med reduksjon eller fritak for dei med dårleg betalingsevne fungerer godt nok. Austevoll kommune stiller seg difor negativ til høringsforslaget.

Tilråding frå rådmannen:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Høyringsnotat. Forslag til regulering av gratis kjernetid til 4- og 5-åringar i familiar med lav inntekt

Veiledning til beregning av foreldrebetaling med de foreslåtte endringene i forskrift om foreldrebetaling i barnehage og bruk av vedlagte regneark

Regneark. Beregning av foreldrebetaling med maksimal andel av inntekt og gratis kjernetid

Bakgrunn for saka:**Lovgrunnlag:**

Utdrag frå gjeldande "Forskrift om foreldrebetaling :

"Alle kommuner skal ha ordninger som kan tilby barnefamilier med lavest betalingsevne en reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling"

Noverande ordning har fylgjande to variantar i Austevoll kommune:

Variant A:

Hushaldningar med ektepar/sambuarar, forsørgjarar med delt omsorg og einslege forsørgjarar utan krav på stønad til barnetilsyn, kan søkja Austevoll kommune om reduksjon i opphaldsbetalinga for barnehageplass/eventuelt friplass, dersom årleg bruttoinntekt er mindre enn 275 000,- kr. Bruttoinntekt er einaste kriteriet og må dokumenterast. Reduksjon vert gitt med 35 % på fastsett foreldrebetaling. Friplass vert gitt når bruttoinntekt er under kr 235 000.

Variant B:

Hushaldningar med einslege forsørgjarar med krav på stønad til barnetilsyn og inntekt under kr 225 000,- kan søkje om reduksjon i opphaldsbetalinga/ eventuell friplass. Reduksjon vert gitt med eit beløp som saman med stønad til eventuelt barnetilsyn utgjer 60 % av det barnehageplassen kostar. Friplass vert gitt når bruttoinntekt er lågare enn 150 000,- .

Med så låg inntektsgrense er det svært få som har falt innanfor denne gruppa i Austevoll kommune og kommunen mottek ikkje søknad kvart år.

Kunnskapsdepartementet sendte forslag til endringar i [forskrift om foreldrebetaling i barnehagar](#)

[på høyring 01.12.2014 med svarfrist 23.02.2015:](#)

Regjeringen vil gjøre barnehagen billigere for familier med lav inntekt. - Vi ønsker en bedre sosial profil på foreldrebetalingen. Gjennom en differensiert foreldrebetaling får flere mulighet til å benytte tilbud om barnehageplass, sier kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen.

De foreslåtte endringene gir et nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling i barnehager for familier med lav inntekt. Foreldrebetalingen skal maksimalt utgjøre seks prosent av familiens samlede kapital- og personinntekt for det første barnet, begrenset oppad til maksimalprisen for foreldrebetaling.

For andre, tredje og flere barn videreføres dagens bestemmelser om søskenmoderasjon slik at prisen blir henholdsvis 70 prosent og 50 prosent av foreldrebetalingen for første barn.

– Regjeringens mål er at barnehagene skal være tilgjengelig for alle barn, uavhengig av foreldrenes økonomi. En nasjonal regulering sikrer økt forutsigbarhet og likebehandling av de aktuelle familiene, sier kunnskapsministeren.

Forslaget sikrer at de med lav inntekt maksimalt bruker seks prosent av inntekten sin til å betale for barnehageplassen. En økning i maksimalpris gir et sterkere behov for en bedre sosial profil på foreldrebetalingen slik at økningen ikke rammer lavinntektsfamiliene.

Barnehagelovutvalget påpekte at det var for stor variasjon i kommunenes praktisering av moderasjonsordningene.

Kunnskapsdepartementet sendte ut ny høyring om endringer i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar 26.02.2015. Denne har svarfrist 17.04.2015. Endringane knytter seg til innføringa av gratis kjernetid for 4- og 5-åringar i familier med lav inntekt.

Foreslåtte endringar gir fritak frå foreldrebetaling i barnehage for 20 timer per veke til alle 4- og 5-åringar i familiar med inntekt under ei inntektsgrense fastsatt av Stortinget. I samsvar med Innst. 16 S (2014-2015) tar departementet sikte på ikraftsetting 1.august 2015. For 2015 er inntektsgrensen satt til 405 000 kroner, og følgjer av Stortingets budsjettvedtak.

Høyringa som vart sendt ut 1. desember 2014, inneheldt forslag som regulerer kommunen si ordning for reduksjon i foreldrebetalingen. Forslaget gir et nasjonalt minstekrav til reduksjon i foreldrebetaling i barnehagar for familiar med lav inntekt. I høyringsnotatet er det foretatt vurderingar og drøftingar knytt til kva inntekter som skal inkluderas i inntektsbegrepet og kva personar si inntekt som skal ligge til grunn.

Departementet vurderer at det er hensiktsmessig å nytta dei samme innteksdefinisjonar også i reguleringa av gratis kjernetid for 4- og 5-åringar i familier med lav inntekt, og foreslår å legge til grunn same innteksdefinisjonar og søknadsprosess som i ordninga med nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling.

Oversikt over tal barn i barnehagane i Austevoll per 15.12.2014:

Oversikt antall barn _____

Oversikt antall barn i ordinære- og familiebarnehager	Sum
Antall barn totalt (0-6) år	342
Antall barn 1-5 år	341
Antall barn 3-5 år	225
Antall barn 1-2 år	116
Antall barn 0 år	1
Antall barn 1 år	46
Antall barn 2 år	70
Antall barn 3 år	75
Antall barn 4 år	65
Antall barn 5 år	85
Antall barn 6 år	0

Gratis kjernetid vil komme i tillegg til kommunen sin plikt til å ha ordningar for redusert foreldrebetaling/friplass til familiar med lav betalingsevne.

Gratis kjernetid skal gis det barnehageåret som startar det året barnet fyller 4 år, og det barnehageåret barnet fyller 5 år. Dette er for å sikra to barnehageår med gratis kjernetid. 100% plass kostar 2580,- kr frå 1. mai 2015.

Vurdering:

Foreldre som har rett til slik fritak frå foreldrebetaling, vil ikkje få det automatisk, men må søkje kommunen. Departementet har foreslått at dokumentasjonen frå foreldre skal vera siste tilgjengelege sjølvmelding. Vidare at det må søkjast om gratis kjernetid for eitt år om gangen slik at det vil bli fatta eitt vedtak som gjeld 4-åringen og eitt nytt vedtak som gjeld 5-åringen dersom det blir søkt på nytt. Den foreslåtte endringa vil for Austevoll kommune truleg føre til auka søknadsmengde når det gjeld reduksjon i foreldrebetalinga og med det auka administrasjon.

Årsaker til dette er:

1. Grensa for å kunne søkje om redusert foreldrebetaling/friplass er per i dag mykje lågare enn det som er foreslått frå departementet si side. Kommunen vil truleg få fleire søknader då mange eineforsørgarar og familiar med ei inntekt vil kunne søkje om redusert foreldrebetaling/friplass/gratis kjernetid for 4 og 5 åringar når det no er foreslått betydeleg auke i innslag på årsløn.
2. I Austevoll er det bare private barnehagar. Søknader om redusert foreldrebetaling/friplass/gratis kjernetid for 4 og 5 åringar må fylgjast opp med enkeltvedtak, refusjonsordningar til private barnehagar og administrasjon og kontroll av desse.
3. Det må også vurderast korleis dette skal handterast i forhold til at det er løpande opptak gjennom året i Austevoll og dokumentasjon av inntekt som skal vera siste

tilgjengelege sjølvmelding.

4. Skal det reknast reduksjon/gratis kjernetid for eit år om gongen frå 15. august og eitt år fram i tid?
6. Om føresette søkjer om barnehageplass frå t.d. 01.02.2016 med påfølgjande søknad om redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid for 4 og 5 åringar, er siste sjølvmelding frå 2014 og mykje kan vera endra i 2015. Når kommunen fattar vedtak, skal den ta forbehold om at det kan bli endra når oppdatert sjølvmelding kjem? Kan vi korrigera vedtak i august (nytt barnehageår) når 2015 sjølvmeldinga er tilgjengeleg? Skal det då få tilbakeverkande kraft?
7. I Austevoll kommune er det mange arbeidsinnvandrarar. For desse har det synt seg at det er vanskeleg å få dokumentasjon på inntekt (både i heimlandet og i Norge), både det første og ofte det andre året dei er i kommunen (avhengig av når på året dei kjem). Korleis skal inntekt kunne dokumenterast når vi ikkje har sjølvmelding som dokumentasjon? Skal vi då fatta vedtak utan dokumentert inntekt til fordel for søkjar?
7. Vil kommunane få høve til å bruka NAV systemet som ”oppslagsverk”? Eller skal kommunen berre sjå på siste sjølvmelding og sjå vekk frå alle andre lønsytingar?
8. Det bør avklarast og tydeleggjerast kven som skal ta imot og handsame søknadane. Dette handlar like mykje om å ta omsyn til dei som søkjer og samstundes sikra at kommunen har kontroll på at ein dekkjer barnehageplass for dei som virkeleg treng det og har rett på det.

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje og fjerde ledd)

Mottakar Austevoll kommune 5392 Storebø Epost: postmottak@austevoll.kommune.no	Dato	Klageinstans
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ynskjer å klaga over vedtak De har fått melding om.		
Kven kan De senda klagen til	Klagen skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følge av klagen, vil den bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd. Dersom vedtaket er gjort av kommunale eller fylkeskommunale organ, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller det organet desse har gjeve det til. Dersom vedtaket er gjort av kommunestyret eller fylkestinget, er klageinstansen kommunaldepartementet eller det organ det har gjeve myndet til.	
Fristen til å klage	Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi om at De oppgjev når denne meldinga kom fram. Dersom klagen vert sendt for seint, er det høve til å sjå bort frå den. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkja om å få forlenga klagefristen. De bør då i tilfelle nemna grunnen til forseinkinga.	
Rett til å krevja grunngeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngeving for vedtaket, kan De setja fram krav om å få det. Slik krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist tek til å gå frå det tidspunkt De mottok grunngevinga.	
Innhald i klagen	Klagen skal nemna det vedtaket det vert klaga på, og den eller dei endringar som De ynskjer. De bør også nemna Dykkar grunn for å klaga og eventuelle andre opplysningar som kan ha noko å sei for vurderinga av klagen. Klagen må underteiknast.	
Utsetjing av vedtaket	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De har likevel høve til å søkja om å få utsett iverksetjinga av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort.	
Rett til å sjå dokument i saka og til å krevja rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå dokumenta i saka. De må i tilfelle venda Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærare rettleiing om høvet til å klaga, om framgangsmåten ved klage og om reglane for sakshandsaminga elles.	
Kostnader ved klagesaka	De kan søkja om dekking av utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld imidlertid normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen sitt kontor eller vedkomande advokat kan gje nærare rettleiing. Det er også særskilt høve til å krevja dekking av vesentlege kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokatbistand. Dersom vedtaket er blitt endra til beste for ein part, er det også høve til å søkja dekking for vesentleg kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientera Dykk om retten til å krevja slik dekking for sakskostnadene.	
Klage til Sivilombodsmannen	Det er også mogleg å klaga til Stortinget sin ombodsmann for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen har ikkje høve til å handsama saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De no får Dykkar klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De difor ikkje seinare bringa saken inn for Sivilombodsmannen.	
Særlege opplysningar:		